

Og så er det onn att...

14.09.2014



**I dei såkalla gamle dagane var det gjerne slåttonn berre ein gong om sommaren, i alle fall der vi vaks opp. No opplever vi slåttonn 3 gongar og difor er onn nummer 3 igang rundt i bygda om dagen. I helga har aktiviteten til dømes vore svært stor på Sanden der Bjørgulv Eik har ansvaret for at graset kjem velberga på plass i plasten. Men der er det berre onn nummer 2 som er igang, fordi det var nyinnlegg frå våren.**

Det er Arnevik frå Halsnøy som tok seg av onna og slåttén. Han er svigersonen til Eik og driv imponerande stort på øya der han til dømes har satsa på eit robotisert jordbruk.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen